

Bergen, 02.05.24

*Kjære elev / føresett ved X skule***Vil du delta i forskings- og utviklings-prosjektet Praksisglimt?**

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskings- og utviklings-prosjekt (videoprojektet Praksisglimt). I dette skrivet gjev vi deg informasjon om måla for prosjektet og om kva deltaking vil innebære for deg.

Føremål

Føremålet med prosjektet er å fremme kvaliteten i lærarutdanninga og i praksisfeltet gjennom bruk av videoeksempel frå erfarne lærarar sin praksis. Filmane skal nyttast i undervisning av lærarstudentar, i samarbeid med praksisfeltet, og i forskning på og formidling om læring og undervisning. Prosjektet vert gjennomført av forskarar ved Høgskulen på Vestlandet (HVL), Universitetet i Oslo (UiO) og Universitetet i Stavanger (UiS).

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Høgskulen på Vestlandet er ansvarleg for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Vi har behov for gode døme frå heile utdanningsløpet, samt på tvers av fag. Vi ber klasselærarane om å dele ut og samle inn informasjon og samtykke på vegne av HVL.

Kva inneber det for deg å delta?

Vi inviterer lærarar og born frå trinn 1-10 i fleire skuler til å delta. I perioden februar (23) til juni (24) planlegg vi å gjere lyd- og videoopptak av undervisning på skulen i nokre utvalde undervisningsøkter (ca. 3-6 timar med ulike elevgrupper og lærarar). I opptaka følgjer kamera heile klassen og læraren, og vil ikkje fokusere på enkeltelevar. Det vil vere 1-2 personar til stades for å styre kamera. Undervisninga vil gå føre seg "som vanleg", og det vil vere opp til læraren å bestemme kva undervisningstimar som eignar seg best. Videoopptaka vil bli brukt til undervisning, forskning og formidling, og kan delast med studentar og tilsette ved HVL, UiO og UiS, samt samarbeidspartar i praksisfeltet.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker video-opptaka?

Deler av video-materialet vert redigert til korte videoklipp (ca. 5 minutt). Desse klippa med positive døme på interaksjonar vil bli nytta for forskning, formidling, og for å støtte studentar og lærarar si faglege utvikling. Videoklippa er data som skal ha kontrollerte tilgangsretter, og vil bli lagra i samsvar med personvernlovgiving samt retningslinjene for sikker lagring og tilgangskontroll ved HVL. Dei vil vere tilgjengelege berre for tilsette ved dei tre institusjonane (HVL, UiO og UiS) i samband med undervisning, forskning og formidling, samt for samarbeidspartar i praksisfeltet i samband med utviklingsarbeid. Det vil ikkje vere mogleg å sjå eller dele videoklippa utan dei kontrollerte tilgangsrettene.

Det er mogleg at studentar eller andre (tilsette ved HVL, UiO eller UiS og praksislærarar) som ser dei redigerte videoklippa vil kunne identifisere enkeltelevar. Vi vil passe på at dei redigerte videoklippa ikkje vil vise sensitive situasjonar for elevane som er med (døme: sterke emosjonar), eller situasjonar som elevane vil kunne oppfatte som ubehagelege at utanforståande får sjå, i følge læraren. Læraren på skulen vil sjå igjennom kvar av dei redigerte videoklippa og avgjere om klippa kan nyttast. Dei uredigerte videoane (rådata) er fortrulege data, som såleis skal ha strenge tilgangsretter. Dei vert trygt lagra av HVL i tråd med krav i personvernlovgjevinga, og vert

tilgangskontrollert. Føremålet med å bevare dei uredigerte videoane er å gjennomføre ytterlegare forskning. I tråd med forskningsetiske retningslinjer og personvernlovgjevinga vil bruk av desse dataene innebære krav om anonymisering.

Tilsette eller studentar ved HVL, UiO og UiS vil kunne få tilgang til videoklippa og rådataene etter at dei har skrive under på ein avtale om å handsame videoane i tråd med informasjonen i dette skrivet. Samarbeidspartar i praksisfeltet vil kunne få tilgang til videoklippa i ein avgrensa periode, etter at dei har skrive under på tilsvarende avtale. Dei redigerte videoklippa med positive døme vert sletta innan 15 år, dvs. innan 01.03.2038. Rådataene (dei uredigerte videoane) vert handsama så lenge dei har stor samfunnsmessig verdi og kan nyttast til vitskaplege formål, så framt at desse oppfyller personvernlovgivinga.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingar om deg vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg. Elevar som ikkje ynskjer å delta i prosjektet vil få eit likeverdig undervisningstilbod utan videoopptak.

Behandling av personopplysingar og dine rettar

Me handsamar opplysingar om deg (video-opptak) basert på ditt samtykke og i samsvar med bestemmingane i personvernlovgjevinga. Det lovlege grunnlaget for behandling av data er allmenta si interesse for å bevare materiale av høg vitskapleg verdi (jf. art. 6.1 e og § 8 i personopplysingslova). Vi vil berre bruke video-opptaka til dei føremåla vi har informert om i dette skrivet. Vi handsamar opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernlovgjevinga.

Så lenge det er mogleg å identifisere deg i datamaterialet, har du rett til innsyn i kva opplysningar om deg vi handsamar, og å få retta opplysningar om deg som er feil eller misvisande. Du har også rett til å få utlevert ein kopi av personopplysningane om deg som blir registrerte gjennom prosjektet (til dømes kor mange videoklipp du opptre i), og eventuelt å få sletta desse. For å vareta personvernet til alle som vert filma, kan du ikkje krevja å sjå filmane frå klasserommet. Vidare har du rett til å sende klage til Datatilsynet eller personvernombodet ved HVL (personvernombod@hvl.no) om handsaminga av personopplysingane dine.

Samtykkeerklæring

Dersom føresette gjev løyve til deltaking i prosjektet, skriv ein føresett under samtykkeerklæringa nedanfor, og leverer den til læraren. Dersom de på noko tidspunkt har spørsmål om prosjektet, ber vi om at de tek kontakt med underteikna.

Venleg helsing

Karin Sørli Street (prosjektleder)
Mobil 48 20 52 15
karin.street@hvl.no

Henriette Kalsås Hansen (vitskapleg assistent)
Mobil 41 66 99 12
henriette.kalsas.hansen@hvl.no

Du kan også kontakte personverntjenester frå Sikt på e-post (personverntjenester@sikt.no) eller på telefon (73 98 40 40).

Samtykke til deltaking i prosjektet Praksisglimt

Eg har lese informasjonsskrivet og aksepterer at mitt born tek del i prosjektet Praksisglimt.

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet og har fått høve til å stille spørsmål.

- ☐ Eg samtykker til å verte filma i klasseromsundervisninga og at videoane vert nytta til undervisning, formidling og forskning. Eg samtykker til at dei redigerte videoklippa og dei uredigerte videoane (rådata) vert handsama i tråd med informasjonen i dette skrivet.

(Signert av føresett, dato)

Eleven sitt førenamn og etternamn: (Skriv tydeleg, helst med blokkbokstavar)

.....